



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2021



## Samandrag

---

### Kommunalt sjølvstyre

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Det er kommunestyret som prioriterer på vegne av kommunens innbyggjarar. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett er sentrale styringsdokument som gir føringar for korleis kommunedirektøren skal gjennomføre det kommunestyret har bestemt.

### Koronapandemien

Kommunane blei også i 2021 prega av koronapandemien med nasjonale innstrammingar og vaksinering av befolkninga. Kommunane blei i større grad prega av lokale smitteutbrot og ulike tiltaksnivå mellom kommunane enn i 2020. Difor har dei økonomiske konsekvensane av pandemien variert meir mellom kommunane i 2021. Kostnadane har blitt vurdert til 12 mrd. og kommunane blei samla sett kompensert for utgiftene.

### Kommuneøkonomien i 2021

Norsk økonomi henta seg inn gjennom 2021 etter nedgangen i 2020. Vekst i økonomien bidrog til at kommunesektoren fekk ein uventa auke i skatteinngangen på slutten av året. Den økonomiske situasjonen for kommunane på landsbasis var god med gjennomsnittleg netto driftsresultat på 4,3 %. Tilsvarande nivået i Møre og Romsdal var på 1,8 %. Til trass for dette har 5 kommunar i Møre og Romsdal negativt netto driftsresultat i 2021 og 2 kommunar er på ROBEK.

På landsbasis hadde kommunesektoren eit disposisjonsfond på 13,7 % av driftsinntektene i 2021 og dette er det høgste nokon sinne. I Møre og Romsdal er tilsvarande tal 8,9 %.

Kommunane i Møre og Romsdal hadde i 2021 det høgste gjeldsnivå nokon gong på 111,9 % av brutto driftsinntekter. Tilsvarande tall for landet utan Oslo er 93,0 %. Samanstilt med netto driftsresultat og disposisjonsfond, ser vi at det er rundt halvparten av kommunane i fylket som må ta grep for å sikre langsiktig god økonomiforvaltning.

Molde 11. juli 2022

**Foto framside:** Øivind Leren

# Innhald

---

Samandrag .....	2
1 Innleiing .....	4
2 Utfordringsbilde.....	6
3 Definisjonar.....	10
4 Driftsrekneskap .....	12
5 Netto driftsresultat.....	16
6 Disposisjonsfond .....	20
7 Kommunal gjeld.....	22
7.1 Netto lånegjeld.....	24
7.2 Renteeksponert gjeld.....	27
7.3 Norges Bank - styringsrente.....	30
7.4 Avdrag .....	31
8 Likvide midlar.....	32
9 Eigedomsskatt.....	33
10 Havbruksfondet .....	35
11 KOSTRA .....	36
12 Skjønnstilskot .....	39
13 ROBEK.....	43
13.1 Innmelding i ROBEK.....	44
13.2 Kriteria for registering på ROBEK.....	45
13.3 Tiltaksplan .....	46
13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak .....	46
14 Klimabudsjett – klimarekneskap .....	47
15 Eigarstyring - eigarskapsmelding .....	47
15.1 Krav til innhald i eigarskapsmeldinga .....	47
Kjelder:.....	49
Tabellar.....	50
Figurar: .....	50

# 1 Innleiing

---

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir årleg ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket.

Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå og andre som har interesse for kommuneøkonomien.

Statistikk er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennom kommunens eigen rapportering av KOSTRA-tal (Kommune-Stat-Rapportering). Medio juni kvart år publiserer SSB endelige rekneskapstal frå kommunane for året før. Om det ikkje er opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rekneskapstal som blir nytta er hovudsakleg konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. For å få ei meir inngåande oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til kommunens eigen rekneskap/årsmelding og [statistikk frå SSB](#).

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:

- Myndighetsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør


Samfunnsoppdraget bør gjennomførast etter gode planer og den økonomiske ramma bør fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrav som gjeld.

I [forventningsbrev 2022](#) formidlar Statsforvaltaren statens forventingar til kommunane i år. Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet i arbeidet med vår tids største nasjonale og globale utfordring. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging. Kartlegginga av lokal berekraft gjennom prosjektet [Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) (KPI-kartlegginga) er til god hjelp

for kommunane i dette arbeidet. Dei lokale KPI-rapportane inngår som eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med mål, strategiar og tiltak i den kommunale planlegginga.

Denne rapporten vil i hovudsak handle om kommuneøkonomi. Vi vil skissere utfordringane som kommunane står i, orientere om sentrale reglar, minne om viktige oppgåver og dele sentrale økonomiske tall i utviklinga i kommuneøkonomien dei siste åra.

Denne rapporten er tilgjengeleg på vår heimeside.




**Figur 1 - Illustrasjon av FNs tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål**

## 2 Utfordringsbilde

Det er mange faktorar som påverkar kommunanenes kvar dag. Det siste året har vist at pandemi, krig og økonomiske konjunkturar verkar direkte inn i dei kommunale prioriteringane. På slutten av 2021 kom det ein ny runde med strenge smitteverntiltak og nedstenging. Utviklinga i norsk økonomi er sterkt og det er svært få arbeidslause. Prisveksten er høg mellom anna på grunn av energikrise i Europa og krigen i Ukraina. Norges Bank har økt styringsrenta og marknaden har ei forventning om at renta skal ytterlegare opp for å motverke for høg inflasjon.


### Kommunal planlegging

Kommuneplanens samfunnsdel er den viktigaste planen for politisk styring. Den gir eit godt grunnlag for prioritering i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel skal innehalde ein handlingsdel. Kommunens økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Då sikrar ein at kommuneplanlegginga blir kopla til dei økonomiske rammene som kommunen har, og gjer dette synleg i den årlege budsjettprosessen. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har laga eit [rettleiingsnotat](#) om temaet der denne samanhengen blir illustrert som vist under.



Figur 2 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul  
(Aplan Viak)

I Møre og Romsdal er statusen for kommuneplanens samfunnsdel synleggjort i kartet under. Dei aller fleste kommunane har rullert samfunnsdelen i inneverande valperiode. Ein oppdatert kommuneplan er ein føresetnad for god politisk styring av kommunen. Dette gir eit godt utgangspunkt for framtidsretta utvikling og styring.



Figur 3 - Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel 2019 - 2023

## Kommuneøkonomi

Mange kommunar opplevde god skatteinngang på slutten av året i 2021. Dette bidrog sterkt til at fleire oppnådde gode økonomiske resultat. Ein så stor skatteinngang på slutten av året var ikkje venta. Også i inneverande år er det forventningar om høge inntekter i kommunesektoren.

Rapporten frå *Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (juni 2022)* tek for seg utviklinga i kommunal økonomi meir inngåande.

Nokre kommunar i Møre og Romsdal hadde i tillegg god avkastning på finansforvaltninga si, medan andre tapte på sal av konsesjonskraft.

Ei arbeidsgruppe med medlemmar frå KS og staten har anslått at pandemien kosta kommunane 12 milliardar kroner i 2021. Om lag 70 prosent av meirutgiftene er innanfor helse og omsorg, knapt 20 prosent har gått til barnehagar og grunnskole, medan resten er fordelt på kultur, idrett og hamnar. Arbeidsgruppa konkluderer med at dei fleste kommunane har fått dekt sine

meirkostnadar og mindreinntekter i 2020 og 2021 samla. Dei vil legge fram sin endelege rapport 1. september 2022.

I slutten av august 2022 kjem [Inntektssystemutvalet](#) med si innstilling til nytt inntektssystem for kommunal sektor.

På utgiftsida vil høgare priser på energi, høgare byggekostnadar og generell høg prisvekst på varer og tenester påverke kommunebudsjettet i stor grad framover. Inflasjon og høgare rentenivå vil bli eit sentralt tema i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplanen for 2023 – 2026. Høgare kommunale kostnadar vil redusere realveksten i kommunanes inntekter.

Investeringsnivået til kommunane har historisk sett vore høg dei siste åra. Denne trenden endra seg på landsbasis med pandemien og det var nedgang i gjeldsgraden frå 2020 til 2021. I Møre og Romsdal har gjeldsgraden auka ytterlegare og er historisk høg på 111,9 %. Dette er eit for høgt nivå i forhald til å oppretthalde god økonomisk handleevne. Med høgare rentenivå og ei forventning om ytterlegare renteauke, er det grunn til å tru at fleire kommunar vil få utfordringar med å dekke låneutgiftene sine over driftsbudsjettet.

Regjeringa signaliserer innstramming i offentleg bruk av pengar. Dette vil få konsekvensar også for kommunane, til trass for at dei samtidig signaliserer at dei vil styrke kommunal sektor. Med framlegginga av inntektssystemutvalet si innstilling til hausten, vil framtida for det kommunale inntektssystemet bli diskutert og truleg avklart.

### Folketalsutvikling og demografi

Dei aller fleste kommunane opplever at befolkninga lever lenger og talet på fødslar går ned. Kommunane i Møre og Romsdal har i stor grad tatt denne langsiktige utfordringa med i planlegginga av tenestestrukturen sin og er i ferd med å omstille seg i takt med folketalsutviklinga. Arbeidet med å dreie bruken av kommunale midlar frå oppvekstsektoren til helse og omsorg må halde fram.

### Rekruttering av kvalifiserte medarbeidrarar

Det er ei utfordring å rekruttere kvalifiserte medarbeidrarar i mange kommunar. Det er grunn til å tru at dette vil vere ei utfordring i lang tid framover og at det vil tvinge fram endringar i tenestene.

## **Det grøne skiftet**

FNs berekraftsmål skal leggast til grunn for samfunnsutvikling og samfunnsstyring på alle nivå. Dette fører til krav til omstilling også i kommunal sektor. Vi går inn i ei tid med sterkt fokus på å redusere klimautslipp og takle klimaendringar og konsekvensane av dette. Kommunane er sentral i dette arbeidet.

## **Sirkulærøkonomi**

I ein sirkulærøkonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Kommunar bør som samfunnsutviklar, planmynde, eigar av bygg og eigedom, tenesteleverandør og innkjøpar, legge til rette for å utvikle sirkulærøkonomiske tiltak lokalt.

På Nyttårskonferansen 2022 oppmoda Statsforvaltaren, saman med prosjektet Berekraftsfylket, alle kommunane om å gjere minst eitt sirkulært innkjøp i 2022. Bakgrunnen er at eit innkjøp etter sirkulærøkonomiske prinsipp vil auke kunnskapen om slike prosesser i kommunane. På den måten kan vi lære og dele erfaringar med bruk av meir berekraftige metodar i offentlege innkjøp.

Berekraftsfylket Møre og Romsdal har sirkulærøkonomi som eit av sine satsingsområde. For meir informasjon viser vi til fylkeskommunens heimesider. I tillegg kan vi vise til Anskaffelser.no, Kriterieveiviseren og Innovative anskaffelser.

## **Vatn- og avløpssektoren**

I mange kommunar er det naudsynt med oppgradering av den tekniske infrastrukturen som vatn- og avløp for å oppfylle krav til kvalitet og miljøavtrykk. Regjeringa la fram «Mulighetsstudie for VA sektoren med samfunnsøkonomiske analyser» i januar 2022. Vatn og avløp er viktige kommunale tenester og langsiktig planlegging er derfor viktig også på dette tenesteområdet.

## **Omstilling**


For å løyse utfordringane som samfunnet står overfor, må vi evne å omstille oss og gjere endringar så tidleg som råd. Kommunane viste evne til rask omstilling i pandemien. Det lover godt i møte med framtidige utfordringar i det grøne skiftet, mangel på kompetent arbeidskraft og strammare økonomiske rammer.

### 3 Definisjonar

---

I kommunerekneskapen blir det brukt ein del ord og uttrykk. Under finn du forklaring på desse.

- **Brutto driftsinntekter** (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, eigedomsskatt, brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.
- **Eksterne finansinntekter** er renteinntekter, utbytte, eigaruttak og kursgevinstar på finansielle instrument.
- **Motpost avskrivingar**. Avskrivingar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivingar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapen og netto driftsresultat.
- **Eksterne finansutgifter** er renteutgifter, provisjonar, andre finansutgifter, kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter.
- **Netto driftsresultat** (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sitt att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. Ein kommune kan og ha eit betre NDR enn brutto driftsresultat om kommunen har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den vitigaste enkeltståande indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommune.

**Tabell 1 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.**

- **Dispositionsfond** kan vere bundne og frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast til føremålet dei er knytt til. Den frie delen av disposisjonsfondet er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen byggje opp reserver i disposisjonsfondet.
- **Eigenkapitalkrav**. Kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av disposisjonsfondet.
- **Netto lånegjeld** er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneholder rentekompensasjon og sjølvkost.
- **Renteeksponert gjeld** er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.
- **Sertifikatlån** er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varighet på 3, 6, 9 eller 12 månader.

## 4 Driftsrekneskap


Driftsrekneskapen viser kommunens inntekter og utgifter.

På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg på ulike tenesteområde slik som vist i figuren under.

Helse og omsorgstenestene krev mykje av kommunane sine ressursar med 34 % av utgiftene.

Det same gjer oppvekst med grunnskoleopplæring og barnehage som til saman utgjer 29 %.

Desse tenestene utgjer omlag ca. 60 - 65 % av kommunane sine driftsutgifter.




Figur 4 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter

Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunanes økonomi. Figur 6 og tabell 2 viser inntekter, utgifter og gjeld per innbyggjar. Dei kommunane som har meir utgifter enn inntekter har ei utfordring om dette varer over fleire år. Dei bør planlegge slik at det blir balanse mellom inntekter og utgifter.

Kommunens gjeld verkar direkte inn på kommunens økonomiske handleevne. Dei årlege avdraga og rentekostnadane er ei aukande driftsutgift for kommunane i vårt fylke. For gjeld, sjå kapitel 7.

Kommunane sine frie inntekter nasjonalt i 2021 er framstilt i figuren på neste side.



Dei største inntektskjelda er skatteinntekter og rammetilskot.

Meirskatteinntektene på slutten av året i 2021 skuldast god utvikling i norsk økonomi og tilpassingar til endringar i reglane om høgare skatt på utbytte. Det siste førte til at fleire verksemder utbetalte ekstra utbytte til sine eigarar på slutten av 2021.


Figur 5 - Fordeling av kommunane sitt ubundne inntekter

Noter: Eiendomsskatt, netto inntekter fra konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg og tall for eiendomsskatt i 2021 er foreløpige. Tall for fordel av differensiert arbeidsgiveravgift er beregnet skjematiskt.

Kilder: Statistisk sentralbyrå og Kommunal- og distriktsdepartementet.

For meir om eigedomsskatt og havbruksfondet, sjå kapitel 9 og 10.

Differanse mellom inntekter og utgifter per innbyggjar i 2021:



Figur 6 - Differanse mellom inndriftsinntekter og driftsutgifter per innbyggjar i 2021

Tabellen er meint som ein illustrasjon på kommunens økonomiske situasjon.


**Tabell 2 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbyggar**

	<b>Beløp per innbyggar i 2021</b>		
	<b>Brutto driftsutgifter totalt</b>	<b>Brutto driftsinntekter i alt</b>	<b>Netto lånegjeld</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	94 776	96 207	116 729
<b>1506 Molde</b>	100 314	101 890	138 734
<b>1507 Ålesund</b>	93 183	92 645	94 024
<b>1511 Vanylven</b>	109 808	110 304	73 311
<b>1514 Sande</b>	114 793	114 064	102 328
<b>1515 Herøy</b>	88 374	87 897	103 238
<b>1516 Ulstein</b>	89 622	91 648	168 782
<b>1517 Hareid</b>	92 599	93 056	136 751
<b>1520 Ørsta</b>	91 079	91 019	111 617
<b>1525 Stranda</b>	107 585	108 277	160 458
<b>1528 Sykkylven</b>	83 879	84 367	73 990
<b>1531 Sula</b>	86 822	90 664	104 356
<b>1532 Giske</b>	86 027	90 924	117 026
<b>1535 Vestnes</b>	116 145	112 905	98 793
<b>1539 Rauma</b>	105 341	104 417	114 625
<b>1547 Aukra</b>	163 774	179 076	159 802
<b>1554 Averøy</b>	88 065	88 098	89 965
<b>1557 Gjemnes</b>	104 208	102 279	81 329
<b>1560 Tingvoll</b>	110 576	113 271	112 114
<b>1563 Sunndal</b>	115 872	117 900	73 793
<b>1566 Surnadal</b>	111 908	113 792	103 121
<b>1573 Smøla</b>	131 183	134 647	142 699
<b>1576 Aure</b>	119 826	124 259	97 150
<b>1577 Volda</b>	104 390	105 591	139 205
<b>1578 Fjord</b>	144 425	139 189	148 916
<b>1579 Hustadvika</b>	95 037	99 079	96 744

Kjelde: SSB tabell 12137: Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggar, kommunekonsern, etter region, statistikkvariabel, år og rekneskapsomgrep.

Dei mest sentrale indikatorane i kommuneøkonomien er netto driftsresultat, storleiken på disposisjonsfond og gjeldsgraden. Det er samanheng mellom desse indikatorane som gir uttrykk for kommunens økonomiske tilstand. I dei neste tre kapitla vil gå meir inn på dei ulike indikatorane.

Figuren under illustrerer kommunens økonomiske tilstand i ein trappefigur. Kommunar høgst i trappa, har sunn økonomi og er merka grøn. Midt i trappa ligg kommunar som bruker av disposisjonsfond for å dekke opp meirforbruk i rekneskapen (merka gult). For desse kommunane bør det gjerast vurderingar av om ein slik bruk vil halde fram, og om storleiken på disposisjonsfondet vi tolle fleire år med meirforbruk. Det er ofte på dette tidspunktet kommunen bør ta grep for å unngå økonomisk ubalanse. Lågast i trappa ligg dei kommunar som har økonomisk ubalanse og er meldt inn i ROBEK-registeret (merka raudt).




Figur 7 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse

## 5 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter minus alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunenesektoren. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid, for at formuesbevaringsprinsippet skal bli teke i vare. Prinsippet inneber at ein kommunens samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal reduserast over tid.


Landet utanom Oslo har i gjennomsnitt eit netto driftsresultat på 4,2 %, medan Møre og Romsdal har 1,8 % av brutto driftsinntekt (BDI). Dette viser at det er stor variasjon mellom kommunane s netto driftsresultat. På landsbasis var driftsresultata i 2021 jamt over betre i dei aller største kommunane og i kommunar med 3 000 – 5 000 innbyggjarar.



Figur 8 - Kart over kommunar med positivt og negativt netto driftsresultat

Kommunar farga raudt hadde negativt netto driftsresultat, medan dei grøne hadde positivt.

I 2021 var det 19 kommunar som hadde positivt NDR, 2 kommunar hadde null og 5 kommunar hadde negativt NDR. Samanlikna med 2020 hadde 14 kommunar positivt NDR og 12 hadde negativt NDR. Samla sett viser statistikken ein betring i kommuneøkonomien samanlikna med året før. Dette blir forklart med den uventa høge skatteinngangen på slutten av året i 2021.



Figur 9 - Netto driftsresultat i % av brutto driftsresultat

På landsbasis hadde 12 % av kommunane negativt netto driftsresultat og i Møre og Romsdal var det 17,9 %. Altså 5 av 26 kommunar. På landsbasis har 27 % av kommunane lågare NDR enn kva som er tilrådd frå TBU på 1,75 %. I Møre og Romsdal er tilsvarande tal 57,7 %, altså 15 av 26 kommunar.

Dei som har hatt negativt NDR over fleire år, bør arbeide for å få økonomien i balanse. Ved inngangen til 2022 var 3 kommunar i ROBEK-registeret. Våren 2022 blei 2 kommunar meldt ut og 1 meldt inn. Statusen etter første halvår er at 2 kommunar er i ROBEK-registeret og vi ser at fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem. Det er difor viktig å gjere naudsynte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi. Meir informasjon om ROBEK finn du i kapitel 13.

**Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**


<b>Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2018 - 2021</b>				
	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	-0,9	0,9	2,0	2,2
<b>1506 Molde</b>	*	*	3,2	2,6
<b>1507 Ålesund</b>	*	*	-1,7	0,4
<b>1511 Vanylven</b>	4,7	-5,1	-1,9	1,4
<b>1514 Sande</b>	-1,1	-0,3	1,1	1,9
<b>1515 Herøy (Møre og Romsdal)</b>	0,1	1,7	-0,1	0,0
<b>1516 Ulstein</b>	0,7	0,6	0,2	0,8
<b>1517 Hareid</b>	-0,3	0,0	-0,2	0,8
<b>1520 Ørsta</b>	0,3	-0,2	0,4	1,1
<b>1525 Stranda</b>	2,9	2,2	-1,5	-0,1
<b>1528 Sykkylven</b>	0,3	-0,3	-0,4	1,6
<b>1531 Sula</b>	-1,3	0,6	-0,2	4,0
<b>1532 Giske</b>	-0,5	-1,0	-0,5	4,5
<b>1535 Vestnes</b>	1,4	-0,5	-1,4	-1,8
<b>1539 Rauma</b>	0,9	-1,5	-5,7	0,0
<b>1547 Aukra</b>	22,8	27,2	22,9	12,4
<b>1554 Averøy</b>	3,2	-0,7	6,0	-0,6
<b>1557 Gjemnes</b>	4,3	0,0	-2,3	-2,3
<b>1560 Tingvoll</b>	4,3	-2,7	2,6	1,3
<b>1563 Sunndal</b>	-0,4	-3,8	-0,2	3,8
<b>1566 Surnadal</b>	-2,3	-2,6	1,6	2,3
<b>1573 Smøla</b>	11,5	-1,1	8,7	2,5
<b>1576 Aure</b>	4,0	-1,3	4,8	2,6
<b>1577 Volda</b>	*	*	2,3	1,7
<b>1578 Fjord</b>	*	*	0,7	-1,8
<b>1579 Hustadvika</b>	*	*	0,7	4,3
<b>Møre og Romsdal</b>	1,2	-0,8	1,0	1,8
<b>Landet utan Oslo</b>	2,2	1,5	2,5	4,2

\*Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12134: Utvalde nøkkeltal for kommunerekneskap 2018 - 2021.

Om rekneskapen viser positivt netto driftsresultat kan midlane nyttast i drifta, til investeringar eller settast av på fond til seinare bruk (avsettingar). Dersom kommunen har eit negativt netto driftsresultat, må dette dekkast inn ved bruk av fondsmidlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar.

For å vurdere kommunens økonomiske handleevne, kan det vere nyttig å sjå på netto driftsresultat i samanheng med kommunens disposisjonsfond. Figuren under viser denne samanhengen i kommunesektoren frå 2005 til og med 2021. Her kjem det tydeleg fram at kommuneøkonomien på landsbasis er god.



Figur 10 - Netto driftsresultat og disposisjonsfond i % av driftsinntektene i 2005 - 2021  
Figuren er henta frå Kommuneproposjonen 2023 og Statsforvaltaren har lagt inn tall frå Møre og Romsdal.


I Møre og Romsdal har NDR vore lågare enn landsgjennomsnittet dei siste 4 åra og det same gjeld disposisjonsfondet. Gjennomsnittleg disposisjonsfond har lege rundt 8 % desse åra og det er innafor tilrådd nivå.

## 6 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er «sparepengar» som kommunen kan bruke. Å ha «pengar på bok» kan avhjelpe kommunen om dei får utgifter dei ikkje har budsjettert for. Statsforvaltaren tilrår at disposisjonsfondet er på mellom 5 og 10 % av brutto driftsinntekt. Dette gir kommunen handlingsrom til å handtere svingingar i økonomien. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk.

I alt 8 kommunar har disposisjonsfond mindre enn 5 %. Av desse 8 kommunane er det berre 1 kommune som har NDR over tilrådd nivå. 5 av dei 8 kommunane har ein gjeldsgrad over 100 % av brutto driftsinntekter. 3 av desse kommunane er ikkje i ROBEK-registeret og har difor grunn til å arbeide med å få økonomien inn i eit berekraftig spor.

Under er disposisjonsfond vist i diagramsform. Disposisjonsfond i oversiktane er både frie og bundne fond. Det er grunnen til at ROBEK-kommunane har positivt disposisjonsfond då dei har bundne fond som berre kan brukast på gitte vilkår.



Figur 11 - Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter i 2021

**Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter**


<b>Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021</b>				
	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	0,1	0,7	2,9	5,2
<b>1506 Molde</b>	*	*	6,5	8,7
<b>1507 Ålesund</b>	*	*	0,9	0,3
<b>1511 Vanylven</b>	16,0	11,6	8,1	8,3
<b>1514 Sande</b>	0,1	0,1	0,1	1,8
<b>1515 Herøy</b>	5,8	7,2	6,8	6,6
<b>1516 Ulstein</b>	6,1	6,3	5,2	5,9
<b>1517 Hareid</b>	3,3	3,0	0,8	0,8
<b>1520 Ørsta</b>	8,3	8,1	8,8	9,5
<b>1525 Stranda</b>	0,3	8,3	8,9	7,4
<b>1528 Sykkylven</b>	3,6	2,8	3,1	3,7
<b>1531 Sula</b>	11,8	11,2	12,5	14,5
<b>1532 Giske</b>	0,4	0,4	0,0	0,5
<b>1535 Vestnes</b>	3,3	3,1	2,6	1,4
<b>1539 Rauma</b>	3,3	3,1	3,0	1,9
<b>1547 Aukra</b>	88,4	107,1	121,5	131,9
<b>1554 Averøy</b>	5,6	3,9	11,6	10,6
<b>1557 Gjemnes</b>	12,5	13,0	10,5	7,8
<b>1560 Tingvoll</b>	8,2	12,2	13,1	14,0
<b>1563 Sunndal</b>	17,9	17,3	17,2	20,5
<b>1566 Surnadal</b>	6,1	4,4	3,1	5,1
<b>1573 Smøla</b>	18,7	19,6	18,9	21,0
<b>1576 Aure</b>	12,2	10,7	14,5	14,3
<b>1577 Volda</b>	*	*	5,9	7,1
<b>1578 Fjord</b>	*	*	1,0	0,2
<b>1579 Hustadvika</b>	*	*	5,1	9,5
<b>Møre og Romsdal</b>	7,9	7,8	8,0	8,9
<b>Landet utan Oslo</b>	11,1	11,0	11,9	13,7

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021.

## 7 Kommunal gjeld

Kommunane si gjeld har auka gradvis dei siste åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. Statsforvaltaren har tilrådd at gjeldsgraden over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet, men dei siste åra har auken på landsbasis gått frå 82,3 % i 2015 til 95,1 % i 2020 og utgjer ein differanse på 12,8 %. I 2021 har det vore ein nedgang til 93,0 %. I Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka ytterlegare det siste året med 1,1 % til 111,9 %. Dette gjeldsnivået er svært høgt og vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det auka rentenivået underbygger dette. Vi tilrår no at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal på gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.



Figur 12 - Utvikling i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 2015 - 2021

Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga. Kvar kommune må vurdere kva finansiell risiko som


kommunen kan tolke. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og netto driftsresultat.

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane.

Kommunane kan ta opp lån til eigne investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan og finansiere investeringar med eigne midlar (disposisjonsfond).

Kommunane skal vedta finansielle måltal, der gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal.

Kommunane sine gjeldskjelder på landsbasis og nivået frå 2001 til 2021, er vist i figuren under.




Figur 13 - Langsiktig gjeld fordelt på kredittkjelder 2001 - 2021

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2023.

## 7.1 Netto lånegjeld


Langsiktig gjeld kjem fram av kommunens balanserekneskap og omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir brukt som mål på kommunens gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon. Figuren under er landsdekkande og viser fordelinga av kommunesektorens langsiktige gjeld i milliardar (mrd.) kroner. Samla gjeld utgjorde 665 mrd. og netto renteeksponert gjeld på om lag 272 mrd. ved utgangen av 2021.

### B. Kommunesektorens langsiktige gjeld og renteeksponering ved utgangen av 2021. Mrd. kroner



Figur 14 - Fordeling av kommunenes langsiktige gjeld – landsdekkende 2021  
Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2023.

I Møre og Romsdal har 15 (13 i 2020) kommunar ein gjeldsgrad over 100 % av brutto driftsinntekt og av desse har 8 kommunar over 120 %. Det høge gjeldsnivået gjer at driftsbudsjettet blir ytterlegare pressa med høgare rentenivå.



Figur 15 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Tabellen viser korleis gjelda har auka i kommunane dei 4 siste åra. Det er 14 kommunar som har lågare gjeldsgrad i 2021 samanlikna med 2020.

**Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter**

<b>Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021</b>				
	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	114,0	122,4	121,7	121,3
<b>1506 Molde</b>	*	*	136,1	136,2
<b>1507 Ålesund</b>	*	*	102,4	101,5
<b>1511 Vanylven</b>	64,5	68,0	68,4	66,5
<b>1514 Sande</b>	93,7	94,2	91,5	89,7
<b>1515 Herøy</b>	105,7	109,2	125,4	117,5
<b>1516 Ulstein</b>	189,7	185,8	187,8	184,2
<b>1517 Hareid</b>	85,8	109,1	130,1	147,0
<b>1520 Ørsta</b>	109,6	111,6	114,1	122,6
<b>1525 Stranda</b>	142,5	155,2	154,3	148,2
<b>1528 Sykkylven</b>	92,3	93,3	92,4	87,7
<b>1531 Sula</b>	123,8	119,3	112,4	115,1
<b>1532 Giske</b>	145,0	142,3	128,3	128,7
<b>1535 Vestnes</b>	66,5	88,6	88,9	87,5
<b>1539 Rauma</b>	97,5	96,3	105,2	109,8
<b>1547 Aukra</b>	66,4	59,9	69,5	89,2
<b>1554 Averøy</b>	99,4	95,4	94,1	102,1
<b>1557 Gjemnes</b>	65,5	72,3	86,9	79,5
<b>1560 Tingvoll</b>	90,3	95,6	93,4	99,0
<b>1563 Sunndal</b>	64,8	66,9	65,4	62,6
<b>1566 Surnadal</b>	64,8	65,4	71,5	90,6
<b>1573 Smøla</b>	88,4	97,6	91,4	106,0
<b>1576 Aure</b>	62,0	67,7	79,7	78,2
<b>1577 Volda</b>	*	*	133,5	131,8
<b>1578 Fjord</b>	*	*	108,3	107,0
<b>1579 Hustadvika</b>	*	*	95,2	97,6
<b>Møre og Romsdal</b>	104,4	108,5	110,8	111,9
<b>Landet utan Oslo</b>	87,5	91,2	95,1	93,0


\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 7.2 Renteeksponert gjeld

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunens gjeld som blir direkte påverka av endringar i rentenivået. Renteeksponert gjeld er netto lånegjeld, utanom gjeld til vatn, avløp og renovasjon og utan gjeld knytt til rentekompensasjonsordninga, jf. figur 13.

Figur 15 viser korleis langsiktig gjeld er fordelt i kommunal sektor dei siste åra, der det grå feltet viser storleiken på renteeksponert gjeld.



Figur 3.3 Kommunenes langsiktige gjeld og renteeksponering 2005–2021 i prosent av driftsinntektene.

Kilde: Statistisk sentralbyrå og Kommunal- og distriktsdepartementet

Figur 16 - Kommunane langsiktige gjeld og renteeksponering i 2005 - 2021 i % av driftsinntektene  
Figuren er henta fra Kommuneproposisjonen 2023

I Møre og Romsdal var samla renteeksponert gjeld på 19,3 mrd. i 2021. Med ein renteauke på eitt prosentpoeng vil dette auke lånekostnadane i driftsrekneskapen med 193 millionar kroner. Ein renteauke vil verke inn på renteinntektene også, men dette gir ein indikasjon på kor sårbar kommunen vil vere for endringar i rentenivået. Tabell 6 viser korleis ein renteauke på eitt prosentpoeng påverkar driftskostnadane knytt til kommunens gjeldsutgifter (gjeld ved utgangen av 2021). Dersom rentebanan i prognosane til Norges Bank slår til, kan vi forvente ei styringsrente på ca. 3 % sommaren 2023.

**Tabell 6 – Auke i kommunale driftskostnader ved renteauke på 1 % av netto  
renteeksponert gjeld i 2021**

<b>Netto renteeksponert gjeld i 2021</b>		
	Beløp i 1000 kr	Beløp i 1000 kr
	Netto renteeksponert gjeld	1 % auke
<b>1505 Kristiansund</b>	1 658 930	16 589
<b>1506 Molde</b>	2 876 605	28 766
<b>1507 Ålesund</b>	4 295 842	42 958
<b>1511 Vanylven</b>	140 727	1 407
<b>1514 Sande</b>	190 029	1 900
<b>1515 Herøy</b>	862 788	8 628
<b>1516 Ulstein</b>	1 162 993	11 630
<b>1517 Hareid</b>	537 743	5 377
<b>1520 Ørsta</b>	853 559	8 536
<b>1525 Stranda</b>	477 151	4 772
<b>1528 Sykkylven</b>	379 889	3 799
<b>1531 Sula</b>	606 264	6 063
<b>1532 Giske</b>	752 705	7 527
<b>1535 Vestnes</b>	645 073	6 451
<b>1539 Rauma</b>	615 950	6 160
<b>1547 Aukra</b>	-441 301	-4 413
<b>1554 Averøy</b>	341 695	3 417
<b>1557 Gjemnes</b>	144 742	1 447
<b>1560 Tingvoll</b>	217 917	2 179
<b>1563 Sunndal</b>	191 878	1 919
<b>1566 Surnadal</b>	435 079	4 351
<b>1573 Smøla</b>	169 791	1 698
<b>1576 Aure</b>	92 415	924
<b>1577 Volda</b>	1 084 169	10 842
<b>1578 Fjord</b>	266 710	2 667
<b>1579 Hustadvika</b>	719 055	7 191
<b>Møre og Romsdal</b>	19 278 398	192 784
<b>Landet utan Oslo</b>	223 056 781	2 230 568

Tabellen under viser utviklinga i renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter dei siste 4 åra.

**Tabell 7 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter**

<b>Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021</b>				
	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	77,4	87,1	87,2	84,7
<b>1506 Molde</b>	*	*	111,3	111,2
<b>1507 Ålesund</b>	*	*	75,5	75,6
<b>1511 Vanylven</b>	47,3	49,9	49,1	47,8
<b>1514 Sande</b>	63,8	64,8	62,6	60,3
<b>1515 Herøy</b>	82,6	102,3	119,2	112,2
<b>1516 Ulstein</b>	159,3	155,1	157,1	154,2
<b>1517 Hareid</b>	79,2	82,4	102,3	118,3
<b>1520 Ørsta</b>	87,0	90,3	92,9	102,1
<b>1525 Stranda</b>	.	94,5	115,3	111,9
<b>1528 Sykkylven</b>	75,1	75,4	73,2	68,6
<b>1531 Sula</b>	83,3	80,6	74,2	80,7
<b>1532 Giske</b>	109,5	106,4	93,2	96,6
<b>1535 Vestnes</b>	53,9	82,8	83,9	83,5
<b>1539 Rauma</b>	80,2	77,8	85,4	90,4
<b>1547 Aukra</b>	48,3	41,4	49,7	67,8
<b>1554 Averøy</b>	76,5	73,5	72,1	81,6
<b>1557 Gjemnes</b>	49,8	56,7	72,1	66,1
<b>1560 Tingvoll</b>	68,3	75,1	83,7	78,8
<b>1563 Sunndal</b>	50,9	53,6	51,1	49,4
<b>1566 Surnadal</b>	52,0	42,3	59,3	78,4
<b>1573 Smøla</b>	63,7	70,8	67,5	83,4
<b>1576 Aure</b>	41,5	46,2	57,5	54,0
<b>1577 Volda</b>	*	*	109,7	109,4
<b>1578 Fjord</b>	*	*	88,3	87,1
<b>1579 Hustadvika</b>	*	*	66,7	72,3
<b>Møre og Romsdal</b>	81,1	84,2	86,1	87,7
<b>Landet utan Oslo</b>	62,2	66,3	69,0	58,9


\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 7.3 Norges Bank - styringsrente

Styringsrenta til Norges Bank verkar inn på kva rentevilkår långjevar tilbyr kommunane.

I september 2019 sette Norges Bank renta opp til 1,5 %, som då var det høgste nivået dei føregåande 5 åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobildet slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. I mars 2020 stengte Norge ned på grunn av koronapandemien. Det førte til den kraftigaste nedgangen i norsk økonomi i nyare tid og Norges Bank satt renta til 0 % 6. mai 2020. Norges Bank valde å halde styringsrenta på 0 % fram til september 2021, då den blei sett til 0,25 %. Sidan har renta blitt sett opp to gonger, sist til 1,25 % i rentemøte 22. juni 2022. Samtidig er det signalisert at renta sannsynlegvis vil auke i august 2022. I første omgang med 0,25 %. Norges banks prognose er at styringsrenta vil være rundt 3 % neste sommar. Dette er på grunn av høg aktivitet og lite ledig kapasitet i norsk økonomi. Nasjonalt er det få som er arbeidslause og inflasjonen er høgare enn målsettinga. Dersom den høge prisveksten held fram, vil ein ny renteoppgang kome raskt.



Figur 17 - Utviklinga i styringsrente 2007 – 2022 (Norges bank)

## 7.4 Avdrag

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabell 8 viser kor stor prosent av brutto driftsinntekter som blir brukt til å betale avdrag kvart år. Også her blir driftsrekneskapen påverka av storleiken på gjelda. Fleire kommunar bruker meir enn 5 % av driftsinntektene til å betale avdrag og i tillegg kjem rentekostnadane.

**Tabell 8 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter**

<b>Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021</b>				
	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>1505 Kristiansund</b>	3,4	3,7	5,1	5,5
<b>1506 Molde</b>	.	.	5,2	5,4
<b>1507 Ålesund</b>	.	.	4,5	4,2
<b>1511 Vanylven</b>	2,9	3,4	3,5	3,5
<b>1514 Sande</b>	3,3	3,4	3,4	4,1
<b>1515 Herøy</b>	3,4	3,1	4,3	4,8
<b>1516 Ulstein</b>	6,3	6,4	6,5	6,7
<b>1517 Hareid</b>	3,0	3,2	3,6	4,0
<b>1520 Ørsta</b>	3,5	3,1	4,4	4,2
<b>1525 Stranda</b>	6,3	6,6	6,2	6,0
<b>1528 Sykkylven</b>	3,0	2,9	3,7	3,4
<b>1531 Sula</b>	3,9	4,0	5,2	5,2
<b>1532 Giske</b>	5,0	5,1	5,5	5,0
<b>1535 Vestnes</b>	3,0	3,0	3,8	3,5
<b>1539 Rauma</b>	3,1	3,7	4,2	3,7
<b>1547 Aukra</b>	5,9	5,7	5,7	6,8
<b>1554 Averøy</b>	4,4	4,1	3,9	4,1
<b>1557 Gjemnes</b>	3,2	3,7	3,5	4,4
<b>1560 Tingvoll</b>	4,5	4,7	4,9	5,1
<b>1563 Sunndal</b>	2,9	3,0	3,3	3,5
<b>1566 Surnadal</b>	3,4	2,8	3,0	3,3
<b>1573 Smøla</b>	4,3	5,2	4,7	4,9
<b>1576 Aure</b>	4,1	4,6	4,7	4,7
<b>1577 Volda</b>	.	.	4,5	4,7
<b>1578 Fjord</b>	.	.	5,2	4,8
<b>1579 Hustadvika</b>	.	.	3,6	4,1
<b>Møre og Romsdal</b>	3,8	3,9	4,6	4,6
<b>Landet utan Oslo</b>	3,6	3,7	4,0	4,0

\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilgnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 8 Likvide midlar

Arbeidskapital utan premieavvik er eit utrykk for likviditet. Med likviditet meiner ein kommunens evne til å betale sine utgifter etter kvart som dei forfall. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Den kan og brukast som eit av fleire finansielle måltal. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (aksjar, sertifikat og liknande) og kortsiktige fordringar.

**Tabell 9 - Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021**

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	2018	2019	2020	2021
<b>1505 Kristiansund</b>	-1,9	-0,5	4,1	11,1
<b>1506 Molde</b>	.	.	10,1	10,4
<b>1507 Ålesund</b>	.	.	21,1	18,6
<b>1511 Vanylven</b>	19,3	9,7	9,6	6,8
<b>1514 Sande</b>	22,1	22,3	27,2	29,0
<b>1515 Herøy</b>	24,5	16,9	21,4	9,0
<b>1516 Ulstein</b>	12,5	13,0	13,4	9,8
<b>1517 Hareid</b>	4,0	5,5	4,7	8,1
<b>1520 Ørsta</b>	4,1	12,4	14,2	7,9
<b>1525 Stranda</b>	21,8	-77,6	14,4	20,4
<b>1528 Sykkylven</b>	0,7	-0,3	2,3	9,8
<b>1531 Sula</b>	29,4	30,4	35,9	36,2
<b>1532 Giske</b>	29,3	24,1	22,7	27,9
<b>1535 Vestnes</b>	-6,7	10,3	3,8	1,3
<b>1539 Rauma</b>	10,6	10,0	5,8	0,1
<b>1547 Aukra</b>	91,4	110,4	125,9	135,3
<b>1554 Averøy</b>	9,7	7,8	19,4	9,5
<b>1557 Gjemnes</b>	20,9	25,6	22,8	29,9
<b>1560 Tingvoll</b>	13,7	9,1	15,9	15,8
<b>1563 Sunndal</b>	23,5	17,0	21,8	20,7
<b>1566 Surnadal</b>	9,7	4,1	10,3	6,6
<b>1573 Smøla</b>	31,1	19,2	27,1	23,8
<b>1576 Aure</b>	26,6	17,6	22,1	24,2
<b>1577 Volda</b>	.	.	18,6	23,1
<b>1578 Fjord</b>	.	.	17,3	11,7
<b>1579 Hustadvika</b>	.	.	25,1	21,4
<b>Møre og Romsdal</b>	21,0	17,0	18,8	18,3
<b>Landet utan Oslo</b>	21,7	20,6	22,4	23,0

\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilnings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 9 Eigedomsskatt

---

Eigedomsskatt er ein frivillig kommunal skatt og det er kommunestyret som vedtek denne.

Eigedomsskattekontoret skriv ut skatten etter det årlege skattevedtaket i kommunen. På landsbasis har 320 kommunar eigedomsskatt og i Møre og Romsdal er det berre 3 kommunar som ikkje har ein form for eigedomsskatt i 2021.

Kommunestyret vedtek kor skattesatsen innanfor lovas rammer.

	Maksimal skattesats
Bustader og fritidseigedomar	4 promille
Næringsverksemder	7 promille

Kommunestyret avgjer kva eigedomar det skal skrive ut eigedomsskatt på. Det er lovleg å ha eigedomsskatt på verksemder utan å skattelegg bustadar og fritidseigedomar. Kva eigedomar som kommunane i Møre og Romsdal har eigedomsskatt på kjem fram i tabell 10. Tabellen viser også når kommunen sist gjennomførte alminneleg taksering av eigedomane i kommunen.

Alminneleg taksering skal som hovudregel skje kvart tiande år. Samla eigedomsskattteinntekter i Møre og Romsdal var på over ein milliard i 2021. Dette viser at eigedomsskatt er ei viktig inntekt for kommunane som bidreg til å oppretthalde nivået på dei kommunale tenestene.

**Tabell 10 - Oversikt over eigedomsskatt i kommunane i 2021**

	Eigedoms-skatt i kommunen	Eigedoms-skatt totalt (1000 kr)	Bustader og fritids-eigedomar (1000 kr)	Eiendoms-skatt anna eigedom (1000 kr)	Skattesats for bustadar- og fritids-eigedomar	Siste alminnelege taksering i kraft? (år)
		2021	2021	2021	2021	2021
<b>1505 Kristiansund</b>	Ja	102 676	66 443	36 233	3,70	2019
<b>1506 Molde</b>	Ja	139 881	102 547	37 334	*	2020
<b>1507 Ålesund</b>	Ja	127 376	106 594	20 782	*	2015
<b>1511 Vanylven</b>	Nei					
<b>1514 Sande</b>	Nei					
<b>1515 Herøy</b>	Nei					
<b>1516 Ulstein</b>	Ja	12 054	12 054			2018
<b>1517 Hareid</b>	Ja	9 426	9 426			2014
<b>1520 Ørsta</b>	Ja	19 433	15 195	4 238		2014
<b>1525 Stranda</b>	Ja	13 487	8 554	4 933	4,00	2013
<b>1528 Sykkylven</b>	Ja	12 640	12 640			2015
<b>1531 Sula</b>	Ja	6 956	6 956			2020
<b>1532 Giske</b>	Ja	27 939	26 025	1 914		2014
<b>1535 Vestnes</b>	Ja	20 740	16 574	4 166		2013
<b>1539 Rauma</b>	Ja	32 587	14 849	17 738	4,00	2009
<b>1547 Aukra</b>	Ja	225 684		225 684		2013
<b>1554 Averøy</b>	Ja	26 816	17 792	9 024	4,00	2020
<b>1557 Gjemnes</b>	Ja	7 310	5 340	1 970		2012
<b>1560 Tingvoll</b>	Ja	10 412	8 646	1 766	4,00	2016
<b>1563 Sunndal</b>	Ja	78 190	10 176	68 014	3,00	2011
<b>1566 Surnadal</b>	Ja	34 574	13 175	21 399	3,41	2020
<b>1573 Smøla</b>	Ja	12 389		12 389		2018
<b>1576 Aure</b>	Ja	20 199		20 199		2018
<b>1577 Volda</b>	Ja	21 715	15 741	5 974		2014
<b>1578 Fjord</b>	Ja	16 946		16 946		2019
<b>1579 Hustadvika</b>	Ja	58 915	29 250	29 665	4,00	2014
<b>Møre og Romsdal</b>		1 038 345	497 977	540 368		

\* Skattesatsen kan vere ulik i kommunen på grunn av kommunesamanslåing og overgangsordning.

Kjelde: SSB tabell 12843: Eigedomskatt

## 10 Havbruksfondet

---

Havbruksfondet blei oppretta i 2016. Det fordeler inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunal sektor fekk i 2021 875 millionar og kommunane i Møre og Romsdal fekk ca. 68 millionar.

**Tabell 11 - Utbetalingar frå havbruksfondet**


<b>Utbetalingar frå Havbruksfondet</b>					
		2018	2019	2020	2021
<b>1505</b>	Kristiansund	12 945 701	5 996 691	10 218 952	3 258 015
<b>1506</b>	Molde *	14 209 915	1 094 193	11 662 934	4 830 158
<b>1507</b>	Ålesund *	11 256 565	3 733 894	8 841 615	3 385 502
<b>1511</b>	Vanylven	7 879 751	606 681	6 220 232	1 983 139
<b>1514</b>	Sande	0	118 303	1 212 945	386 712
<b>1515</b>	Herøy	4 502 715	228 372	2 341 473	746 510
<b>1516</b>	Ulstein	1 688 518	130 003	1 332 907	424 958
<b>1520</b>	Ørsta	8 659 067	666 683	6 835 419	2 179 274
<b>1525</b>	Stranda	7 317 383	563 347	5 775 929	7 124 792
<b>1532</b>	Giske	6 191 233	307 674	3 154 546	1 005 735
<b>1535</b>	Vestnes	6 753 408	3 218 215	6 220 232	1 983 139
<b>1539</b>	Rauma	4 502 272	346 675	3 554 418	2 386 647
<b>1547</b>	Aukra	6 912 600	532 235	9 558 195	7 603 403
<b>1554</b>	Averøy	10 317 833	794 464	7 960 415	2 913 793
<b>1557</b>	Gjemnes	5 064 890	390 009	3 998 720	1 274 875
<b>1560</b>	Tingvoll	5 909 813	455 011	4 665 174	1 487 355
<b>1566</b>	Surnadal	562 839	43 334	444 302	141 653
<b>1573</b>	Smøla	44 288 317	8 841 203	34 940 385	11 706 334
<b>1576</b>	Aure	12 381 580	3 651 559	10 663 254	8 413 366
<b>1577</b>	Volda *	9 005 429	693 350	7 108 836	1 994 036
<b>1578</b>	Fjord *	3 939 874	4 220 641	3 110 116	1 133 222
<b>1579</b>	Hustadvika *	5 065 554	390 010	3 998 720	1 274 875
<b>Sum</b>	Kommunar i M & R	189 355 257	37 022 547	153 819 719	67 637 495

\* Tala er summert frå kommunar som blei samanslått i 2020. Molde (tidlegare Molde, Midsund og Nesset kommunar), Volda (tidlegare Volda og Hornindal kommunar), Fjord (tidlegare Norddal og Stordal kommunar), Ålesund (tidlegare Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sande kommunar) og Hustadvika (tidlegare Eide og Fræna kommunar).

## 11 KOSTRA

### Barnehagesektoren

Barnehagedrift er ei viktig kommunal teneste. I oversikta er alle utgifter som kommunen har til barnehagedrift totalt, med frådrag frå alle inntektene, tatt med.




Figur 18 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbyggar 1-5 år i 2021

Netto driftsutgifter til barn i barnehage per innbyggar 1-5 år varierer mykje mellom kommunane i fylket. Den kommunen med høgst utgifter ligg på 245 043 kroner per barn, medan den som bruker minst på 164 845 kroner. Skilnaden er på 80 198 kroner per barn. Meir enn havparten av kommunane i Møre og Romsdal bruker mindre enn landsgjennomsnittet (utan Oslo) som er vist med den rauda streken i figuren. Gjennomsnittet i Møre og Romsdal er kr 184 038 som er 2 396 kroner per barn høgare enn landsgjennomsnittet (utan Oslo).

## Grunnskolesektoren

Ein sentral kommunal teneste er grunnskolesektoren og ca. 18 % av kommunens utgifter går til denne tenesta. Figuren under viser skilnaden mellom kommunane i fylket når det kjem til utgifter til skoledrift per innbyggjar 6 – 15 år.




Figur 19 - Netto driftsresultat til grunnskolesektoren per innbyggjar 6 - 15 år i 2021

Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren inneholder kostnadane frå kommunane sin KOSTRA-rapportering på funksjonane 202 grunnskole, 215 skolefritidsordning, 222 skolelokale og 223 skoleskyss. Den kommunen som har høgast utgifter til grunnskolesektoren bruker 197 049 kroner per innbyggjar 6-15 år, medan den som har lågast bruker 109 777 kroner. Skilnaden mellom den kommunen som bruker mest og den som bruker mist er på 87 272 per elev i grunnskolealder. Landsgjennomsnittet er 125 905, medan Møre og Romsdal bruker 132 911 som er 6 384 kronar høgare. 8 av kommunane i fylket ligg under landsgjennomsnittet (utan Oslo), medan ein kommune ikkje har rapportert for 2021.


## Helse- og omsorgstenester

Helse- og omsorgstenester utgjer ca. 34 % av kommunane sine utgifter. I oversikten under er det vist kommunens kostnad til helse- og omsorgstenester per innbyggar.



Figur 20 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggar i 2021

Dei aller feste kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo). Den kommunen som har høgast utgifter bruker 57 735 kroner per innbyggar, medan den som har lågast kostnad brukar 28 694. Dette er ein skilnad på 29 041 kroner. Landsgjennomsnittet (utan Oslo) ligg på 33 077 kroner, medan Møre og Romsdal ligg på 37 105.



Figur 21 - Mottakarar av ulike tenester etter tenestetypen 2007 – 2021 nasjonalt  
Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2023.

## 12 Skjønnstilskot

---

Kommunal- og distriktsdepartementet set kvart år av ein del av rammetilskotet til skjønnstilskot til kommunane.

Føremålet med skjønnstilskotet er å:

- fange opp forhold som ikkje blir godt nok tatt i vare i inntektssystemet og gjennom andre faste tilskotsordningar (skjønnstilskot)
- bidra til fornying og utvikling av kommunane (prosjektskjønn/fylkesløft)

Skjønnstilskot blir fordelt til:

- Ordinært skjønn
- Prosjektskjønn/ fylkesløft
- Kriseskjønn

Statsforvaltaren fordeler fylkesrammene vidare til kommunane etter [retningslinjer](#) gitt av departementet.

### Ordinært skjønn og kriseskjønn

Skjønnspotten i 2023 blir om lag på same nivå som 2022, og fordelinga til kommunane vil bli kjent ved framlegging av statsbudsjettet for 2023. Dei siste 6 åra har ramma for skjønnsmidlar gått ned frå ca. 100 millionar til ca. 54 millionar. Reduksjonen i skjønnsramma blir grunngjeve med at vi har hatt eit for høgt snitt per innbyggjar i skjønnstilskot, i forhold til andre fylker, og at ein større del blir lagt inn i rammetilskotet til kommunane i staden.

Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet til kommunane og er kommunanes eigne pengar. Statsforvaltaren drøftar bruken av skjønnsmidlane med kommunedirektørutvalet før tildeling.

Vi ber kommunane om innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela frå kommunane vil bli


sett opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket, i den grad det lar seg gjere.

Ordinære skjønnsmidlar går mellom anna til dei kommunane som har høgare utgifter enn fylkessnittet til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år, kommunar som har høge tal på barn under omsorg utover fylkessnittet, språkdeling, legevaktsskyss, helseplattforma og andre spesielle saker som kommunane rapporterer om.

Kommunane må søke på skjønnstilskot og søknadsfristen er 1. juni kvart år.

Statsforvaltaren skal som eit minimum halda attende minst 5 prosent av totalramma til ekstraordinære hendingar gjennom året, såkalla kriseskjønn. Søknadsfristen for kriseskjønn er seinast den 1. september kvart år. Om midlane ikkje blir nytta til ekstraordinære hendingar, kan dei brukast til andre føremål i kommunane ved årsslutt.

Av totalpotten på 54 millionar for 2022, gjekk 28,2 millionar til ordinært skjønn og prosjektskjønn/fylkesløft.



Figur 22 - Fordeling av skjønnspotten 2022

**Tabell 12 - Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2022**

Tal i 1000 kr	Språk-deling	Opprett-halde drift av kommunalt rovviltutval	Skyss av helse-personell	Barnevern	Spesielle saker	Særleg høge utgifter til ressurs-krevjande teneste-mottakarar	Sum kommune
1505	Kristiansund			400 000	500 000	1 600 000	2 500 000
1506	Molde	30 000	200 000		550 000		780 000
1507	Ålesund	3 200 000		1 200 000	1 100 000	500 000	6 000 000
1511	Vanylven				500 000		500 000
1514	Sande		400 000	200 000	50 000		650 000
1515	Herøy						0
1516	Ulstein					400 000	400 000
1517	Hareid			1 000 000			1 000 000
1520	Ørsta						0
1525	Stranda					500 000	500 000
1528	Sykkylven						0
1531	Sula		300 000	50 000	400 000	750 000	
1532	Giske					900 000	900 000
1535	Vestnes		700 000		1 300 000		2 000 000
1539	Rauma	30 000			200 000		230 000
1547	Aukra						0
1554	Averøy						0
1557	Gjemnes		400 000				400 000
1560	Tingvoll			100 000			100 000
1563	Sunndal	30 000					30 000
1566	Surnadal	400 000	30 000		50 000		480 000
1573	Smøla		300 000			800 000	1 100 000
1576	Aure						0
1577	Volda						0
1578	Fjord	30 000				100 000	130 000
1579	Hustadvika	400 000		700 000		100 000	1 200 000
SUM		4 000 000	150 000	2 100 000	5 400 000	1 700 000	6 300 000
							19 650 000

## Prosjektskjønn/Fylkesløft

Ein del av skjønnsramma kan gå til fornying og utvikling i kommunane gjennom prosjektskjønn/fylkesløft. Prosjektskjønnsmidlane vil dei nærmaste åra bli prioritert til tiltak som vil vere eit løft for alle kommunane i fylket gjennom «**fylkesløft**». Prosjekta bør ha overføringsverdi til andre kommunar og ha eit opplegg for erfarringsdeling.

Kommunane søker på prosjektskjønn/fylkesløft gjennom den «[Integrerte søknads- og rapporteringsdatabasen](#)». Søknadsfristen er 1. juni kvart år.

Dei siste åra har prosjektskjønn blir gitt slik tabellen under viser:

Fordeling av prosjektskjønn 2020 - 2022		
År	Kommunar/ samarbeid	Beløp
2022	18	8 577 840
2021	13	11 450 000
2020	7	7 000 000

I 2022 fekk føljande prosjekt tildeling:


**Tabell 13 - Tildeling prosjektskjønn 2022**

Prosjektskjønn tildeling 2022		
Prosjektnamn	Kommunar	Tildeling kroner
Helseplattforma	Nordre Sunnmøre v/ Ålesund kommune	1 200 000
Helseplattforma	Søre Sunnmøre v/Herøy kommune	1 200 000
Helseplattforma	ROR v/ Molde kommune	2 200 000
Helseplattforma	Nordmøre v/ Kristiansund	1 200 000
Berekraftsfylket	v/ Molde kommune	1 000 000
Berekraftsfylket	v/ Ålesund kommune	1 000 000
Ungt entreprenørskap	Sykylven kommune	40 384
Ungt entreprenørskap	Ørsta kommune	53 320
Ungt entreprenørskap	Molde kommune	137 480
Ungt entreprenørskap	Fjord kommune	20 008
Ungt entreprenørskap	Hareid kommune	30 560
Ungt entreprenørskap	Giske kommune	44 024
Ungt entreprenørskap	Tingvoll kommune	21 940
Ungt entreprenørskap	Ulstein kommune	44 300
Ungt entreprenørskap	Sunndal kommune	37 824
Ungt entreprenørskap	Surnadal kommune	33 488
Ungt entreprenørskap	Vestnes kommune	37 832
Ungt entreprenørskap	Ålesund kommune	276 680
<b>Sum</b>		<b>8 577 840</b>

## 13 ROBEK


Det offisielle namnet på ROBEK er «*Register om betinget godkjenning og kontroll*». Dette er ei offentleg register over kommunar og fylkeskommunar som er eller har kome i økonomisk ubalanse.

I 2021 hadde Møre og Romsdal tre kommunar på ROBEK-registeret. Kommunane Sande og Giske blei meldt ut av registeret i 2022 etter fleire år med økonomisk ubalanse. Rauma kommune blei meldt inn i 2021 og har planer om å dekke inn meirforbruk over 4 år. Vestnes kommune blei meldt inn i registeret sommaren 2022.



Figur 23 - Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK per 27. juni 2022.

Figuren på neste side viser historikken til ROBEK-registeret frå 2001 fram til i dag.



Figur 24 - Oppføring på ROBEK 2001 - 2022, i Møre og Romsdal og landet (per 1. halvår 2022)

### 13.1 Innmelding i ROBEK

Ein kommune skal registrerast i ROBEK når eitt av alternativa i kommunelova § 28-1 første ledd ligg føre, jf. tabelloversikten på neste side.

Det er Statsforvaltaren som skal kontrollere om ein kommune skal registrerast i ROBEK, og sendar registreringa til departementet som gjennomfører registreringa. Det same gjeld for utmelding frå registeret.

Om kommunen allereie er meld inn på ROBEK-registeret etter eitt eller fleire av alternativa i § 28-1 første ledd, skal nye grunnlag registrerast om det oppstår. Registeret skal innehalde alle grunnlag som kommunen er registrert for til ein kvar tid.

Det er kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, og vedtak av årsrekneskap, som er grunnlag for innmelding i ROBEK-registeret. Vurderinga er objektiv og skal ikkje bygge på skjønn.

Departementet kan bestemme at ein kommune ikkje skal førast inn på ROBEK-registeret. Dette gjeld når det er klart at det ikkje er behov innmelding jf. kommunelova § 28-1 andre ledd. Dette er det berre departementet som kan vurdere.

## 13.2 Kriteria for registrering på ROBEK

Kommunar skal registrerast på ROBEK om eitt av følgande forhold ligg føre.

Innmelding i ROBEK	Utmelding av ROBEK
Driftsbudsjett er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav a	Driftsbudsjettet året etter er vedteke utan meirforbruk - § 28-5 første ledd
Driftsdelen av økonomiplanen er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav b	Året etter er vedteke driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk - § 28-5 andre ledd
Inndecking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod - § 28-1 bokstav c	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 % av driftsinntektene - § 28-1 bokstav d	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav e	Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Årsrekneskapen ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav f	Årsrekneskapen året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) - § 28-1 bokstav g	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd

### Vedtak med meirforbruk

Det går fram av kommunelova § 14-10 første og femte ledd at all bruk av midlar skal ha dekning i årsbudsjett og kvart år i økonomiplan. Blir det gjort vedtak om meirforbruk i driftsbudsjett/økonomiplan, skal kommunen meldast inn i ROBEK.

### Uspesifisert saldering i årsbudsjett

Dersom kommunen gjer vedtak om uspesifisert saldering i årsbudsjett eller økonomiplanen for å oppnå balanse, er ikkje det tilstrekkeleg for å unngå innmelding i ROBEK.

Innsparingar/utgiftsreduksjonar for å oppnå balanse i økonomiplan eller budsjett, må konkretiserast og vedtakast på dei einskilde tenesteområda.

### Inndecking av meirforbruk

Vedtek kommunestyret at meirforbruk i årsrekneskapen skal dekkast inn over fleire enn to år, skal kommunen registrerast i ROBEK. Dette gjeld og om budsjett eller økonomiplan viser inndeckning over meir enn to år.

### **Meirforbruk meir enn 3 % av driftsinntektene**

Kommunen skal meldast inn i ROBEK når oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen er større enn 3 % av driftsinntektene. Med driftsinntekter meiner ein brutto driftsinntekter jf. KOSTRA.

### **Fristar ikkje overhalde**

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vedtakast før årskifte jf. kommunelova § 14-3 første ledd. Det inneber at vedtak seinast kan fattast 31. desember.

Årsrekneskap og årsberetning skal vedtakast seinast seks månadar etter rekneskapsårets slutt jf. kommunelova § 14-3 andre ledd . Det inneber at vedtak seinast kan fattast 30. juni.

Kommunar som ikkje gjer vedtak innan fristane blir meldt inn på ROBEK.

### **Utmelding av ROBEK**

Kommunen blir meld ut av ROBEK når alle kriteria for innmelding ikkje lenger er oppfylt. Dette følger av kommunelova § 28-5. Statsforvaltaren melder ifrå til departementet når kommunen skal meldast ut.

## **13.3 Tiltaksplan**

Kommunestyret skal fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien blir kjem i balanse jf. kommunelova § 28-4 andre ledd. For kommunar som er meldt inn i ROBEK etter kommunelova § 28-1 bokstav a, b, e eller g, må tiltaksplanen vere vedtatt innan 30. juni. For innmelding etter § 28-1 bokstav c, d eller f er fristen 31. desember. Tiltaksplanen skal sendast til Statsforvaltaren til orientering.

## **13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak**

Statsforvaltaren skal kontrollere om årsbudsjettet er realistisk og i balanse jf. § 14-4 første ledd og elles at andre krav er oppfylt.

Kommunar på ROBEK må få godkjenning til å ta opp lån jf. § 28-3. Statsforvaltaren gjer dette ved å godkjenne ei ramme for låneopptaket. Det kan og settast krav til kva lånet skal nyttast til. Deltek ein ROBEK-kommune i interkommunale selskap, skal låneopptak selskapet godkjennast.

Ein ROBEK-kommune kan ikkje inngå leigekontraktar av varige driftsmidlar utover dei 4 neste budsjettåra. Slike leigeavtalar må godkjennast av Statsforvaltaren.

## 14 Klimabudsjett – klimarekneskap

---

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har sett klimaspørsmål på dagsordenen. gjer eit arbeid innan temaet klima. Omlag halvparten av kommunane har per juni 2021 klimabudsjett eller klimarekneskap og fleire planlegg for å ta inn klimabudsjett i budsjettarbeidet til hausten. Åtte kommunar seier dei har oppdaterte planer for klima.

Aktuell statistikk og informasjon som kan vere nyttig i kommunens arbeid med klimarekneskap:

- KS har utvikla eit [styringsverktøy for klimabudsjett](#) for kommunar
- Miljødirektoratet har oversikt over [utslepp av klimagassar på kommunenivå](#)
- SSB – [statistikk bank](#)

## 15 Eigarstyring - eigarskapsmelding

---

Kommunar skal utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i kvar valperiode. Det er kommunestyret som skal vedta den jf. kommunelova § 26-1. Eigarstyring er ei sentral oppgåve for dei folkevalde og lova gir ikkje høve til å delegera dette ansvaret til andre.

Kravet om eigarskapsmelding kom inn i kommunelova i 2018. Vi er inne i den første valperioden der det er krav om at kommunestyret skal vedta eigarstryringa si. Kommunar må difor gjere vedtak av eigarskapsmeldinga innan neste kommuneval i 2023.

### 15.1 Krav til innhold i eigarskapsmeldinga


Lova stiller opp nokre krav til innhold til eigarskapsmelding, og dette er minimumskrava:

- Prinsippet for eigarstyringa
- Oversikt over selskap, føretak og verksemder med kommunale eigarinteresser
- Målet med sine eigarinteresser

Det vil vere ein fordel om meldinga inneheld opplysningar om verksemda oppfyller hensikta etter føremålet med kommunens engasjement.

Kommunale eigarskap kan vere:

- Aksjeselskap (AS) - aksjeselskapslova
- Samvirkeføretak - samvirkelova
- Interkommunale selskap (IKS) - IKS-lova
- Kommunale føretak jf. kommunelova kapitel 9
- Kommunale samarbeid
  - Oppgåvefellesskap jf. kommunelova kapitel 19
  - Vertskommunesamarbeid jf. kommunelova kapitel 20



Figur 25 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap  
 Figur henta frå <https://www.ks.no/globalassets/fagområder/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Eigarskapsmeldinga bør utarbeidast på ein slik måte at kommunestyret kan utøve sitt eigarskap på ein hensiktsmessig måte. Den kan seie noko om korleis eigarskapet skal følgjast opp i representantskap eller generalforsamling, eigarskapsmøter og informasjon/rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med kommunens eigarinteresser (eigarskapskontroll) jf. kommunelova §§ 23-2 og 23-4.

Revisjonen har også ei oppgåve i eigarskapskontrollen jf. kommunelova § 24-2.

KS Folkevaltprogram 2019-2023 har laga Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, som kan vere nyttig for å tilegne seg meir kunnskap om kommunale eigarskap.

## Kjelder:

---

KDD:

- Kommuneproposisjonen  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/2f60518f30d743ac9d4d15e610ad2c0c/no/pdfs/prp202120220110000dddpdfs.pdf>
- Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi:  
[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-fra-det-tekniske-beregningutsvalg-for-kommunal-og-fylkeskommunal-okonomi-juni-2022/id2921596/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetvarsel20220630](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-fra-det-tekniske-beregningutsvalg-for-kommunal-og-fylkeskommunal-okonomi-juni-2022/id2921596/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetvarsel20220630)

KS:

- Anbefalinger om eierskap. Selskapsledelse og kontroll:  
<https://www.ks.no/globalassets/fagområder/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>
- Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy:  
<https://www.ks.no/fagområder/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/>
- Sluttrapport for 2021 fra arbeidsgruppa som skal kartlegge økonomiske konsekvensar av covid-19-situasjonen for kommunesektoren:  
<https://www.ks.no/contentassets/46064b5ea32c490cabba2c3eacf1c3/Sluttrapport-arbeidsgruppe-koronautgifter-2021.pdf>

SSB:

- Statistikkbanken: <https://www.ssb.no/statbank/>

Andre:

- Statsforvaltaren i Troms og Finnmark: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-troms-og-finnmark/kommunal-styring/veiledningsnotat---bedre-kobling-mellom-samfunnsplan-og-okonomiplan2.pdf>
- Fiskeridirektoratet – Havbruksfondet:  
<https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2021/utbetalinger-fra-havbruksfondet-klar-for-2021>
- Miljødirektoratet – Klimagassregnskap for kommunar:  
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/klima/klimagasser-utslippstall-regnskap/klimagassregnskap-for-kommuner-og-fylker/>
- Møre og Romsdal fylkeskommune:  
<https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/berekraftfylket-moere-og-romsdal>
- DFØ:  
<https://anskaffelser.no/>  
<https://kriterieveiviseren.difi.no/nb>
- Innovative anskaffelser: <https://innovativeanskaffelser.no/>
- Inntektssystemutvalet: <https://www.regjeringen.no/no/dep/kdd/org/styrer-rad-og-utvalg/inntektssystemutvalget/id2741403/>
- Arbeidsgruppe som skal kartlegge økonomiske konsekvensar av covid-19-situasjonen for kommunesektoren:  
<https://www.ks.no/contentassets/46064b5ea32c490cabba2c3eacf1c3/Sluttrapport-arbeidsgruppe-koronautgifter-2021.pdf>

- Regjeringa.no: Nasjonal strategi for ein grøn. Sirkulær økonomi:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/f6c799ac7c474e5b8f561d1e72d474da/t-1573n.pdf>

## Tabellar

Tabell 1 - Skjematiske oppstilling utrekning av netto driftsresultat.....	11
Tabell 2 - Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbyggar .....	14
Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....	18
Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter.....	21
Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....	26
Tabell 6 – Auke i kommunale driftskostnader ved renteauke på 1 % av netto renteeksponert gjeld i 2021....	28
Tabell 7 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter.....	29
Tabell 8 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter.....	31
Tabell 9 - Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter i 2018 - 2021 .....	32
Tabell 10 - Oversikt over egedomskatt i kommunane i 2021 .....	34
Tabell 11 - Utbetalingar frå havbruksfondet.....	35
Tabell 12 - Fordeling av ordinært skjønstillskot til kommunane i 2022 .....	41
Tabell 13 - Tildeling prosjektskjønn 2022 .....	42

## Figurar:

Figur 1 - Illustrasjon av FNs tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål .....	5
Figur 2 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul .....	6
Figur 3 - Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel 2019 - 2023 .....	7
Figur 4 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter.....	12
Figur 5 - Fordeling av kommunanes ubundne inntekter .....	13
Figur 6 - Differanse mellom inndriftsinntekter og driftsutgifter per innbyggar i 2021 .....	13
Figur 7 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse .....	15
Figur 8 - Kart over kommunar med positivt og negativt netto driftsresultat.....	16
Figur 9 - Netto driftsresultat i % av brutto driftsresultat .....	17
Figur 10 - Netto driftsresultat og disposisjonsfond i % av driftsinntektene i 2005 - 2021.....	19
Figur 11 - Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter i 2021 .....	20
Figur 12 - Utvikling i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 2015 - 2021.....	22
Figur 13 - Langsiktig gjeld fordelt på kredittkjelder 2001 - 2021 .....	23
Figur 14 - Fordeling av kommunanes langsiktige gjeld – landsdekkande 2021.....	24
Figur 15 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter .....	25
Figur 16 - Kommunenes langsiktige gjeld og renteeksponering i 2005 - 2021 i % av driftsinntektene .....	27
Figur 17 - Utviklinga i styringsrenta 2007 – 2022 (Norges bank) .....	30
Figur 18 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbyggar 1-5 år i 2021.....	36
Figur 19 - Netto driftsresultat til grunnskolesektoren per innbyggar 6 - 15 år i 2021 .....	37
Figur 20 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggar i 2021 .....	38
Figur 21 - Mottakarar av ulike tenester etter tenestetype 2007 – 2021 nasjonalt.....	38
Figur 22 - Fordeling av skjønnspotten 2022 .....	40
Figur 23 - Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK per 27. juni 2022.....	43
Figur 24 - Oppføring på ROBEK 2001 - 2022, i Møre og Romsdal og landet (per 1. halvår 2022).....	44
Figur 25 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap .....	48